



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/2753 - 23/20345

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
12.09.2023

## 129/1 fnr. 44 Hamre - Oppføring av ballbinge - ferdigattest

### Administrativt vedtak. Saknr: 258/23

**Tiltakshavar:** Hamre Grendaråd  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Tiltak:** Oppføring av ballbinge  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

**"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av ballbinge på gnr. 129 bnr. 1 fnr. 44."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.12.2019 saknr. 443/19 og 18.02.2020 saknr. 063/20.

Det vert elles synt til søknad motteken 01.09.2023.

### Skildring

Adresse:	Gnr. 129 bnr. 1.
Bygningstiltak:	Oppføring av ballbinge

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

## Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/2753.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Hamre Grendaråd	c/o Frode Haugland Oldrane 71	5281	VALESTRANDSFOSSEN